



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 06.03.2017
Møtestad: Osterøy rådhus - formannskapssalen
Møtetid: 10:00 - 12:50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aslaug Gjerstad		Medlem
Atle Eide		Medlem
Audun Mosevoll	KRF	Medlem
Berge Litland		Medlem
Ove Kleiveland		Nestleiar
Åge Clausen		Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Magne Reigstad		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Utvalssekretæren.

Ordføraren, sektorleiar helse, omsorg og sosial og frivilligkoordinatoren var til stades i delar av møtet.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møtebok
003/17	Referatsaker og meldingar

001/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

06.03.2017 ELDRERÅDET

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

ELD - 001/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

002/17: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå 28.11.16 vert godkjend.

06.03.2017 ELDRERÅDET

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 28.11.16.

ELD - 002/17 VEDTAK:

Møtebok frå 28.11.16 vart godkjend.

003/17: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsakene vert tekne til vitande.

06.03.2017 ELDRERÅDET

Melding nr. 1 - Status plassituasjonen Osterøytunet

Sektorleiar helse, omsorg og sosial Nina Kvamme orienterte om status plassituasjonen på Osterøytunet. Ho svarte og på spørsmål frå rådet.

Etter drøftingar gjorde Eldrerådet slikt samrøystes vedtak:

"Eldrerådet er i dag informert om plassituasjonen på Osterøytunet, om overbelegg og kjøp av

plassar utanfor kommunen. Eldrerådet ber om at det snarast vert etablert hastetiltak for å møte denne situasjonen, og at konkret planlegging for vidare bu-/omsorgstiltak vert iverksett straks."

Melding nr. 2 - Utkast til årsmelding 2016 Osterøy eldreråd

Eldrerådet gjorde slikt samrøystes vedtak:

"Utkast til årsmelding vert vedteken slik den ligg føre. Årsmeldinga vert å leggja fram for heradsstyret som melding."

ELD - 003/17 VEDTAK:

Med desse merknadene vart referatsakene tekne til vitande.

Andre saker:

- Ordføraren var med i starten av møtet i samband med samarbeidet med heradsstyret. Han orienterte og svarte på spørsmål frå rådet.
- Frivilligkoordinator Grete Birkelid var med i delar av møtet. Ho presenterte seg og orienterte om arbeidet sitt så langt. Ho svarte og på spørsmål frå rådet.
- Berge Litland tok opp sak om estetikken ved oppkøyinga til Osterøytunet. Etter drøftingar gjorde Eldrerådet slikt samrøystes vedtak:
«Eldrerådet er gjort merksame på at oppkøyinga til Osterøytunet er skjemma av ei stygg vegfylling. Eldrerådet ber om at rådmannen syter for at dette vert retta opp snarast.»

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart desse valde: Atle Eide og Berge Litland.

Lonevåg, 08.03.17

Turid Reigstad
utvalssekretær

Åge Clausen
leiar

Atle Eide

Berge Litland